


Varig reint vgn til ein million

15.10.2014



**Midlane TV-aksjonen i helga får inn skal gå til vassprosjekt
i 8 land: Sudan, Sør-Sudan, Tanzania, Etiopia, Somalia,
Afghanistan, Pakistan og Haiti**



Då det store jordskjelvet, med styrke 8 på Richters skala, råka hovudstaden Port au Prince på Haiti tysdag 12. Januar 2010, gjekk det tre dagar før Kirkens Nødhjelp var på veg med ingeniørar og vassreinseutstyr via Den dominikanske republikken. Som medlemmer i det store nettverket til Kirkens Nødhjelp kunne vi følgja med på sms-ar frå dåverande generalsekretær Atle Sommerfeldt, som sat i bil inn til katastrofeområdet.

Fire år etter jordskjelvet manglar framleis 40 prosent av innbyggjarane på Haiti reint vatn. Pengane som blir samla inn i TV-aksjonen skal gi 50 000 menneske varig tilgang til reint vatn på Haiti.

Reint vatn påutilgjengelege stader

Etter jordskjelvet braut det ut kolera og framleis er dødstala høge. Ureint drikkevatn og dårlige sanitærforhold forlengjer krisa. Med TV-aksjonspengane skal Kirkens Nødhjelp i Haiti skaffa rent vann og drive hygieneundervisning på små stader som elles ikkje får hjelp.

Stabil vassforsyning fører til at grøda blir sikra og at borna får gå på skule i land som Sudan, Tanzania, Sør-Sudan, Etiopia og Somalia. I Sudan skal 300 000 menneske sikrast reint drikkevatn i Darfurprovinssen, medan midlane i Sør-Sudan vil sikra 100 000 menneske reint vann.

Reint vann sikrarskulegang

Pakistan er det landet i verda som er hardast råka av flaumar, og med det følgjer forureinsing av drikkevatnet. 78 000 menneske skal sikrast varig reint vann der.

Mange skuleborn går milevis kvar dag for å henta vann rundt om i verda. Ved at vi er mange som gjer ein felles innsats førstkomande sundag, ved å gå nokre hundre meter, kan vi saman vera med å gjera framtida betre på mange stader i vår felles verd.

Lykke til som bøsseberar!

Tekst. Åse Selsvold og Magne Fitjar, distriktskontaktar
for Kirkens Nødhjelp i Sunnhordland

Foto: Greg Rødland Buick

Nett: Ola Matti Mathisen